

## Tilskotsordning for arrangørar

### Søknadsskjema og rettleiing

*Les rettleiinga nedanfor nøye før du fyller ut og sender inn søknaden. Søkjaren er sjølv ansvarleg for at Norsk kulturråd mottek alle naudsynte opplysningar og vedlegg. Søknadsfrist er 1. mars, 1. juni, 1. september og 1. desember (for kommande år).*

### Søknadsskjema

Nynorsk

### Opplysningar om arrangøren

Arrangør/ansvarleg søkjar		
Kontaktperson		
Adresse		Web-adresse
Postnr/-stad		
Telefon	Kontonummer	E-post

### Opplysningar om arrangementet

Tittel på arrangementet		
Startdato	Sluttdato	Stad
Kortfatta samandrag av prosjektskildringa, inkl. opplysningar om musikk sjanger/ kunstnarleg profil og konsertplan (gi opp tid og stad)		
(opplysningane bør utdjupast og leggjast ved på eige ark)		



Naudsynte vedlegg (sjå søkjarrettleiinga) Søknaden skal ikkje stiftast saman

Søknadssum

Stad, dato, underskrift

## Rettleiing til søknadsskjema

### Formål

Ordninga har som formål å stimulere til arrangørverksemd gjennom å gi stønad til konsertarrangørar som

- gjer musikk av høg kvalitet tilgjengeleg for flest mogleg
- stimulerer til kunstnarleg fornying og utvikling ved å ta vare på, formidle og vidareutvikle musikktradisjonar i Noreg
- fremjar bruken av rytmisk musikk, under denne pop, rock, jazz, folkemusikk og verdsmusikk samt alle undersjangrar, blues og visesong, og samtidsmusikk og klassisk musikk, under denne tidlegmusikk og vokalmusikk
- formidlar musikk til barn og unge
- bidreg til at arrangørar med eit høgt kvalitetsnivå kan halde fram drifta og utvikle seg
- stimulerer til nyskaping med omsyn til formidling

### Målgruppe

Målgruppa er konsertarrangørar, scener og regionale kulturhus med eit konserttilbod innan alle musikksgangrar.

### Kva kan ein søkje tilskot til?

Ein kan søkje om tilskot til arrangørverksemd. I fordelinga av midlar prioriterer Kulturrådet arrangørar som har offentlege konsertar som det primære verkeområdet sitt, og som har eit styre som er ansvarleg for drift og ein organisasjon som sikrar kontinuitet. Det kan søkjast om fleirårig tilskot. Arrangørar som søkjer fleirårig tilskot må i søknaden gjere greie for planlagd verksemd i søknadsperioden.

### Det blir ikkje gjeve stønad til:

- Investering i utstyr. Arrangørar kan berre søkje om tilskot knytt til kostnader i samband med konsertproduksjonar / formidlingsverksemd
- Arrangement/turnear som har funne stad før gjeldande søknadsfrist

### Tildelingskriterium

Søknadene skal vurderast ut frå dei kvalitetane den einkilde arrangøren kan vise fram. Ei rekkje faktorar og kriterium vil liggje til grunn for tildelinga:

- Eigenarten til arrangøren som arena for eit konsertprogram med ein kunstnarleg profil
- Formidlingsevne og publikumsopplutnad
- Vilje til kunstnarleg nytanking og til å gje dei respektive sjangeruttrykka høve til utvikling
- Formidling av musikk til ungdom (konsertarrangement utan aldersgrense)
- Arrangøren/konsertstaden som tradisjonsberar
- Soliditeten, effektiviteten, stabiliteten og profesjonaliteten til arrangørorganisasjonen
- Rolla/forankringa til arrangøren i eigen region og geografisk plassering
- Tilskot til arrangøren frå fylke og kommune
- Sjansane til eigeninntening for arrangøren

### Krav til søknaden

Søknaden skal vere skriftleg, ikkje samanstifta og innehalde følgjande opplysningar:

- a) Ferdig utfylt søknadsskjema med prosjektsamandrag
- b) Prosjektskildring, med formål og bakgrunn for tiltaket
- c) Oversyn over dei kunstnarleg medverkande/ informasjon om programmeringa
- d) Budsjett og finansieringsplan. Budsjettet skal innehalde alle forventa inntekter (honorar, sal av effektar og liknande) og utgifter i samband med konsertproduksjon/arrangørverksemda

**Ufullstendige/usignerte søknader og søknader per e-post eller faks blir ikkje handsama.**